

Frå Senja.

Millom Malangen i nord og Vågsfjorden i sør ligg Senja, den næst største av øyane i det veldige øyriket her nord.

Op av storhavet som blåner ut- over så langt auga kan sjå, løfter ho seg, stor og mektig med høge fjelltindar og knivkvasse oddar. Når ein er framand og kjem første gongen hit ut til yttersida av Senja vil kanhende redsla slå ein ved første augnekast, så mektig er naturen. Dei ligg etter kvarandre på rad alle desse stupbratte, fakkede tindane, Månes, Teisten, Trælen, Oksen og Kjalva.

Det er sori del har svore seg saman om å stå på vakt mot storm og storhav.

Og det trengs når Nordishavet reiser seg i alt sitt velde og kjem innover i vill heksedans. Stormen uler og sjøsprøyten og rokket står himmelhøgt. Slik kan det vere lange rider om vinteren. Men det er vakkert her ute ein sommardag når havet ligg blankt og blått så langt auga ser. Endå vakrare er det i stille neter når nattsola står som ei gloande eiddkule, høgt over hav og linderader i nord, natt etter natt.

Inne i dei lune fjordane og på strender og nes har folket slege seg ned. Ymse ting som er funne i jorda fortel såleis at det har budd folk her i steinalderen. Fisket har sjølv sagt vore deira næringsveg, då som no.

Det har derfor vakse fram det eine store liskeværet etter det andre. Dei største og mest kjende er vel Gryllefjord og Metjordvær. Utfor Senja ligg dei store fiskbankane, Molangsgrunnen og Svensgrunnen, og det er vel rikdomen der som har lokka så mange, både i gamal og ny tid, til å bygge og bu herute. Folket er eit friskt og sterkt folk.

Det er vant til å taka stortak ute på havet og ri på båreskavlane for å skaffe føde til seg og sine. I åndeleg leid slår folket her nord på høgd med folk elles utetter bygdene.

Her er mykje staut, evnerik ungdom som både tenkjer og vil noko. Ungdommen her både går på skuler og er elles ute millom folk. Ein linn ikkje så mange innkapsla heimfødingar her som i dei innstengde flatbygdene. Det gamle ordet om å bu "nordom folkeskikken" høver i alle fall ikkje på tilhøva her.

Senja er stor; heile seks kommuner eig jord og grunn på øya. Og like mektig og stortelt som yttersida er, like smilande og blid er innersida av øya. Der finn ein dalar med elvar og vatn og stor, fin bjørkeskog. Det vakre Ojsund er vel kjend av alle som reiser på leia. På Gibostad har Troms fylke jordbruksskufen sin, og der er mange fleire velstelte gardsbruk sør etter streudene. Oppe i fjellheimen på Senja er det som eit lite eventyrland for seg sjølv. Det glitrar i stille vatn og fossande elvar, og det gnir av molter innetter myrene. — Det er ein ting vi her i Ytre-Senja går og venter på, og det er gjennomgangsvegen som skal binde oss til dei store trafikk-stadene Gibostad og Finsnes. Denne veg vil gå gjennom eit av dei største dalfører som lins på øya og gjennom det finaste bureisings-forreng ein kan tenkje seg. Når den vegen kjem, vil sikkert mange nye helmar vekse fram og nye provinsar vil bli lagt til landet.

E. S.